



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
03.12.2018
Dykkar dato
09.11.2018

Vår referanse
2018/14275 421.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjon til oppføring av bustad på gnr. 1 bnr. 385, Flatøy, Meland kommune.

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.11.2018. Saka gjeld søknad om arealoverføring og oppføring av bustad.

Området bustaden skal oppførast ligg delvis som LNF og delvis som LNF-spreidd. LNF-spreidd formålet er knytt til eigedom gnr. 1 bnr. 385, ved arealoverføring vil aktuelt område som er LNF i dag, vere å rekne som LNF-spreidd.

Kommunen meiner det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-spreidd formål, pkt. 3.2.1 i føresegna til kommuneplanen sin arealdel for oppføring av bustad på gnr. 1 bnr. 385. Det er også naudsynt med dispensasjon frå områdeplankrav.

Det er i tillegg søkt om arealoverføring av 163 m² frå gnr. 1 bnr. 12 til gnr. 1 bnr. 385 og arealoverføring av 52 m² frå gnr. 1 bnr. 250 til gnr. 1 bnr. 385. Dette meiner kommunen ikkje krev dispensasjon då forhold er i samsvar med pkt. 3.1.2 og med tabell 9.1 i kommuneplanen sine føresegner.

Fylkesmannen er ikkje samd med kommunen om at frådellinga ikkje krev dispensasjon. Eigedom gnr. 1 bnr. 12 har ikkje status som LNF-spreidd, og det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling til bustad. Kommunen kan ikkje bruke føresegn 3.2.1 når ordinært LNF-formål skal overførast til ein LNF-spreidd eigedom.

Vi gjer også merksam på at også oppføring av bustad krev dispensasjon frå LNF formålet før arealoverføringa er gjennomført.

Fylkesmannen ber om å få eventuelt positivt vedtak til klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.